

Har du saker til UU-årsmøtet?

16.01.2014



Dette er styret i Uskedal Utvikling no, med unnatak av Finn Guddal som ikkje var til stades. Medlemmer ellers er Kristian Bringedal, Jan Erik Olsson, Hans Ordin Østebø og Berit Harriet Døssland. Rekneskapsførar er Alf Hjønnevåg som står til høgre-.

Årsmøtet i Uskedal Utvikling skal haldast 5. februar i Gamleskulen.

**Dei som har saker som dei ynskjer skal takast opp, må melde
desse inn til styret ei veke før.**

**I tillegg till dei ordinære årsmøtesakane vert det lagt opp
til tema med ein invitert føredragshaldar.**

UU har som føremål å fremja samarbeid og utvikling i bygda og arbeida for eit allsidig næringsliv og eit godt og aktivt buminiljø. Det skal søkja samarbeid med kommunale organ og andre lag i Uskedalen.

UU er organisert med styre og 4 arbeidsgrupper. Desse er nettsida som du no les, Gamleskulen med Cafe Tiaren, Dialogforum og arbeidsgruppa for kultur, turisme og profilering.